



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Eining for eigedom	Atle Vaage
	Arkivnr.: 15/107	Klassering:

### **kartlegging og verdsetting friluftsområde 2015**

**Lindås kommune startar opp med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med saksframlegget.**

#### **Kostnader for Lindås kommune;**

Arbeidsinnsatsen frå administrasjonen vil utgjera til saman om lag 3-4 vekesverk. Arbeidsinnsatsen utgjer eigeninnsatsen for kommunen.

Kostnader i samband med prosjektleiing frå Bergen og Omland Friluftsråd, digitalisering av materiell og ferdigstilling av kartfilar (SOSI-fil) vert dekkja av midlar frå Hordaland fylkeskommune og Miljødirektoratet.

Lindås kommune har søkt og fått innvilga tilskot til å gjennomføra kartlegginga.

#### **Framlegg til deltakarar i lokal arbeidsgruppe;**

Prosjektleiar frå Bergen og Omland friluftsråd – Lars Einar Torgildstveit

Eining for eigedom – Atle Vaage, lokal prosjektleiar for Lindås kommune

Planavdeling - Terje Villanger

Ein representant oppnemnt av Nordhordland turlag

Ein representant oppnemnt av Barnas turlag

Ein representant oppnemnt av Nordhordland Jakt og Fiskelag

Andre ressurspersonar og foreiningar frå dei ulike bygdelaga vil verta trekt inn i arbeidet ved behov.

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i (Stryk det som ikkje passar) Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal til innstilling i (Stryk det som ikkje passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal avgjerast i (Stryk det som ikkje passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet, Kommunestyret

### **Bakgrunn**

Miljødirektoratet og Hordaland fylkeskommune inviterer til å gjennomføra ei kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Lindås kommune. Dette er ei temakartlegging, og ikkje ein plan. Arbeidet skal gje kommunen eit grunnlag for å kunna vurdera aktuelle friluftslivsinteresser i samband med kommuneplan og kommunedelplanar. Gjennom arbeidet vert det og etablert viktige nettverk mellom dei ulike aktørane med interesser innan friluftsliv.

Arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde, er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020) og Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020). Arbeidet med kartlegging og verdisetting skal følgja Miljødirektoratet si handbok, M98-2013.

Sjølve kartleggingsarbeidet skal gjerast av arbeidsgruppa, med støtte frå prosjektleiar frå Bergen og Omland Friluftstråd.

Arbeidet skal resultera i;

- Ein kortfatta rapport med oppsummering av arbeidet
- Kartfiler i sosiformat til kommunen. Desse vert lagt inn som eit temalag i kommunen si digitale kartløyning.

- Interaktivt kart som presenterer friluftsområda på Internett. Desse vert lagt inn i Naturbase.no med kommunen som eigar av datasettet.

Det er eit mål at arbeidet er ferdig for heile kommunen i løpet av 2015.

## Vurdering

Arbeidet vil kunna bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikra befolkninga høve til å driva eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen for øvrig. Arbeidet vil vidare vera eit viktig verkemiddel i høve måla for friluftsliv i «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø».

Samstundes er arbeidet av ein slik art at den ferdige vurderinga er meint å vera ein rådgjevar for kommunen, og såleis ikkje vert eit dokument som i seg sjølv er til hinder for utbygging.

Kartlegginga vil hjelpa til å;

- Få oversyn over og tydeleggjera kva areal som er nytta til friluftsliv i Lindås kommune
- Få verdisett og prioritert desse areala – og dermed gi ei oversikt kor viktig dei ulike områda er både med tanke på naturkvalitetar, geografisk plassering og kor mykje dei er brukt.

Frå 2018 vil det vera eit krav frå Miljøverndepartementet at kommunen har gjennomført kartlegging og verdisetting av friluftsområde, for å kunna søka om statleg medverknad til sikring av friluftsområde. Ved å gå inn i ei slik kartlegging allereie no i første runde, har kommunen ein sjanse til å få tilskot til arbeidet, samt fagleg hjelp frå fylkeskommunen og Bergen og Omland Friluftsråd.

## Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost